

# Romantiske drag i moderne norske dikt

Autor(en): **Hageberg, Otto**

Objekttyp: **Article**

Zeitschrift: **Beiträge zur nordischen Philologie**

Band (Jahr): **19 (1991)**

PDF erstellt am: **21.07.2024**

Persistenter Link: <https://doi.org/10.5169/seals-858338>

## **Nutzungsbedingungen**

Die ETH-Bibliothek ist Anbieterin der digitalisierten Zeitschriften. Sie besitzt keine Urheberrechte an den Inhalten der Zeitschriften. Die Rechte liegen in der Regel bei den Herausgebern.

Die auf der Plattform e-periodica veröffentlichten Dokumente stehen für nicht-kommerzielle Zwecke in Lehre und Forschung sowie für die private Nutzung frei zur Verfügung. Einzelne Dateien oder Ausdrucke aus diesem Angebot können zusammen mit diesen Nutzungsbedingungen und den korrekten Herkunftsbezeichnungen weitergegeben werden.

Das Veröffentlichen von Bildern in Print- und Online-Publikationen ist nur mit vorheriger Genehmigung der Rechteinhaber erlaubt. Die systematische Speicherung von Teilen des elektronischen Angebots auf anderen Servern bedarf ebenfalls des schriftlichen Einverständnisses der Rechteinhaber.

## **Haftungsausschluss**

Alle Angaben erfolgen ohne Gewähr für Vollständigkeit oder Richtigkeit. Es wird keine Haftung übernommen für Schäden durch die Verwendung von Informationen aus diesem Online-Angebot oder durch das Fehlen von Informationen. Dies gilt auch für Inhalte Dritter, die über dieses Angebot zugänglich sind.

naden som postmodernistisk karakteristik, vilken är oanvändbar om den inte modifieras starkt. Förväntningshorisonterna under olika tider och följderna därav för våra tolkningsförsök diskuterades också: den postmoderna synen slår ned på andra moment än man gjorde förut.

I samband med utopitänkandet framkastades idén att det mycket väl kunde tänkas att olika synpunkter fanns förenade i en och samma författare: Almqvist visar ju metafysiska, men också liberalistiska och realistiska drag. Intertextualitet har alltid värderats mycket olika; som något negativt, preciöst, men å andra sidan också som något mycket positivt, t.ex. i modernismen och postmodernismen. I grunden bevisar det bara att vår texttolkning förändrar sig ständigt: vi tolkar på olika sätt i olika tider och själva våra tolkningsåsikter är ofta oklara för oss själva.

Alex Bolckmans, Gent

OTTO HAGEBERG, OSLO

## Romantiske drag i moderne norske dikt

I eit av plenumsforedraga seinare på konferansen skal Asbjørn Aarseth ta opp emnet «Når tok romantikken slutt i nordisk litteratur?» – I det utleverte, stensilerte abstract-materialet konkluderer Aarseth med å påstå at «romantikkens avløsning kommer for alvor med modernismen omkring 1. verdenskrig». Heilt til slutt i abstractet heiter det at «i og med modernismens erobring av Parnasset ble romantikken fortrent til populærlitteraturens sfære».<sup>1</sup>

Aarseths tankar her korresponderer med det han skriv i det store arbeidet om *Romantikken som konstruksjon*, som kom ut i bokform i 1985.

Eg har ikkje meldt meg på med mitt mykje enkle innlegg for å ta opp ein polemikk mot Asbjørn Aarseths synsmåtar. Dei skal diskuterast i eit anna forum. Men dei gjev likevel eit forlokkande godt utgangspunkt for ein som vil markera eit heilt anna syn, og det vil gjerne eg. Slik eg ser det og forstår det, lever romantikken – *i eigenleg meining* – i beste velgåande den dag i dag – eg skal ikkje seia overalt, men i alle fall i Noreg, og i alle fall innanfor norsk lyrikk.

Arven frå romantikken har vore den mest vitale og kreative åndelege impuls i norsk lyrikk frå Wergeland til i dag. Dei romantiske impulsane var svært sterke tidleg i dette hundreåret, hos lyrikarar som t.d. Olav Nygard og Alf Larsen, og også hos ein Kristofer Uppdal som somme vil kalla vår første modernist. Min

<sup>1</sup> Sje Aarseths bidrag til denne boka s. 357–366.

påstand er at liknande romantiske impulsar gjer seg like sterkt gjeldande hos nolevande lyrikarar, og det gjeld også slike som blir karakteriserte som modernistar og som sjølv meir enn gjerne kan godta ein slik etikett. Det er mange ein kunne nemna. Olav H. Hauge går inn i denne samanhengen. Ikkje minst gjeld det Stein Mehren, som har hatt ein enorm produksjon etter debuten i 1960. Han skriv sjølv i tidlege essay at han er dømt til å vera modernist. Det forhindrar likevel ikkje at han er ein ekte romantikar, og kanskje særleg i dei fire diktsamlingane han har gitt ut i 1980-åra.

Her finst romantikk i eigenleg forstand i moderne lyrikk, sa eg. Og det er lett å koma med slike påstandar så lenge ein ikkje seier kva ein meiner med romantikk, eller dersom ein har ein mykje vid og vilkårleg definisjon, for då kan omgrepet passa på alt. «We cannot prevent [ . . . ] a baby from calling any strange man 'daddy', or even Peckham from calling romanticism 'enlightenment'», skriv René Wellek i si drøfting av romantikkomgrepet.<sup>2</sup>

Sjølv meiner eg at grunnlaget for mine påstandar er ei bestemt oppfatning av kva det ligg i omgrepet romantikk: Det må vera visse særtrekk til stades i det eg vil kalla romantisk dikting. Det er visse tematiske mønster som går att, og det er ei viss grunnleggjande livsoppfatning som må vera ope eller latent til stades i ein tekst før han eventuelt kan få etiketten «romantisk» påklistra. Det er likeeins ei bestemt oppfatning av diktekunsten og diktarens funksjon i romantisk dikting, og det er desse grunnleggjande trekka eg altså meiner finst også i moderne norsk lyrikk.

Det eg her har sagt om at det må finnast bestemte trekk, er knapt eit originalt synspunkt. Eg har lånt det, ut frå mine føresetnader for å forstå det eg låner. Eg meiner vel sjølv at eg i stor mon held meg til og har lært mest av og har godteke René Welleks «concept of romanticism», slik han gjer greie for det i boka *Concepts of criticism*. Han gjer det med utgangspunkt i presentasjonar av sentrale forfattarskapar i europeisk litteratur innanfor eit relativt avgrensa tidsrom. Han viser korleis dei same trekka på same tid er til stades i litteratur på ulike språk, særleg går han inn på tysk, fransk og engelsk dikting, men også italiensk, polsk, russisk og nordisk. Han peikar på samlande særdrag og er systematisk i sine avgrensingar. I og med at han held seg til eit avgrensa tidsrom, kjem han til å omtala romantikk som ein litteraturhistorisk epoke. Og visst er dei særdraga han omtalar dominerande i denne epoken. Men Wellek er også inne på, og eg vil leggja stor vekt på det, at desse særdraga samstundes er over-periodiske, trans-epokale. Dei var å finna lenge før den litteraturhistoriske epoken romantikk, som har sine sentrale åndshistoriske føresetnader langt tilbake, og dei er å finna seinare, også i postmodernismens tidsalder, då alt skal vera like gyldig.

Kva slag særdrag dreiar det seg om? Det er tale om ei bestemt livsoppfatning og livsforståing, som ikkje var gyldig under klassisismen og i opplysningstida. Det er livsfortolkingar som godt kan seiast å ha platonske og nyplatonske røter. Ein grunnkonsepsjon er det at det finst noko verkeleg bak det verkelege, bak det

<sup>2</sup> WELLEK (1964: 202).

synlege. Det finst noko samanhengande åndeleg verkeleg, kan ein seia. Tinga omkring oss, og ikkje minst *naturen* er teikn, har ein løynd idé i seg, dei er symbol, som påkallar fortolking, omkoding, dechiffrering, det er mange metaforar ein kan bruka for å gripa dette. Wellek vender fleire gonger attende til *alfabet-mataforen*: Naturen og naturfenomena og tinga omkring oss er som bokstavar i eit alfabet, og det er ein samheng og ein korrespondanse mellom dei ulike teikna og den djupare røynd dei viser til. Bokstavane kan setjast saman til meining. Det er altså ei førestilling om ein orden, gjerne løynd, men likefullt reell orden som kan avdekkjast. Det er einskap i naturen. Mikrokosmos speglar makrokosmos. Mennesket er del av denne orden og denne einskap, som ikkje kan erkjennast først og fremst gjennom fornuft og tanke. Det er fantasien, den skapande fantasien eller *innbillingskrafta* som er erkjenningsorganet, og det er først og fremst diktaren som har dette erkjenningsorganet. Synet på diktaren som den utvalde, den som særleg kan lesa naturens bok, det løynde alfabet, dei hemmelege teikna – og gjennom denne prosessen erkjenna, det er noko genuint romantisk. Den sanne romantikar er idealist og *trur* på desse samhengane og denne grunnleggjande orden.

Så mykje om det eg oppfattar som typiske romantiske tankeformer og med det også typiske romantiske motiv og tema. Det finst også andre trekk ein kan bruka i ein karakteristikk av det romantiske, men dei er meir utvendige. Det eg her har nemnt, er det grunnleggjande, og noko av dette må vera med i diktning som skal kallast romantisk. Og det er slike tankeformer eg meiner har overvintra og vore produktive i norsk lyrikk heilt til det siste.

Dette har skjedd i konkurransen med andre tankeformer, og dei andre tankeformene kan ein godt kalla modernistiske. Det som etter mitt skjønn karakteriserer den modernistiske livsoppleving, er *mangelen*, fråværet av kjensla for orden og samheng. Det kan sakte vera *lengt* etter ein slik orden og samheng som den som er så grunnleggjande for romantikaren, men det finst ikkje tru på det. Obstfelders utrop «Jeg er visst kommet på en feil klode» er innskriver på portalen til norsk modernisme, og innanfor den porten finn ein òg andre av våre fremste lyrikarar, det er ikkje det. Her høyrer Olaf Bull heime, med sin romantiske lengsel etter samheng, men høgt utvikla medvit om at denne samhengingen ikkje finst andre stader enn i kunsten, som er efemerisk og lett forvandlar opplevinga av samheng til innsikt i samhengsløyse og splitring. Eg siterer ei strofe frå Olaf Bulls dikt «Gobelin».<sup>3</sup>

Og så Merete er vi atter ute  
 på denne grønne perlesydde plæn –  
 da skjønner vi, at skogen var en pute,  
 som bare åpnes av en tryllegren-  
 Ja barn, nu står vi begge-to bedrøvet  
 og famler med vor hemmelige drøm!  
 Nu kan vi rolig stryke over løvet –  
 nu er det bare fattig silkesøm.

<sup>3</sup> BULL (1959: 109).

Dette kan kallast eit modernistisk sidesprang. Mitt sentrale synspunkt er at romantikken har overlevd. Eg kan ikkje dokumentera generøst, tida tillet ikkje det. Eg stoggar berre laust opp ved tre dikt av tre ulike forfattarar frå ulike generasjonar i dette hundreåret: Olav Nygard, Olav H. Hauge og Stein Mehren. Eg knyter ein stutt kommentar til kvart av dikta for å visa korleis dei høver ihop med dei generelle karakteristikkane eg har gitt av romantikk. Først ser vi på Olav Nygards dikt «No reiser kvelden seg».<sup>4</sup>

No reiser kvelden seg i vesterbrun,  
han trør på lette føter gjennom tun  
og skuggeveven fjellimillom hengjer.  
Det gjeng ei kviskring gjennom kjørr og lyng,  
og talatrasten skifter ljod og syng  
med avdagsskjelven under sine strenger.  
Men dagen tek sin gangar fast i taum,  
tek ferdakåpa på med gullrend saum  
og burt frå blåne etter blåne skundar.  
Det gular gjennom svale dal og lid  
der skuggen ventar natta, brura si,  
og ør i sine elskhugsdraumar blundar.  
Med linne andardrag stig natta inn,  
med myrke lokkar kringum hals og kinn  
og herdaduk av elvelette eimar.  
Og kløkke lundar, æolsharpe-klang,  
ris bljugt som gjenteborn or moderfang  
og sviv på lettan fot i svale heimar.  
Det gjeng ein sælebiv imillom fjell  
so fræa emnar seg og hamsar fell  
og undrings-øre augo upp seg vender:  
Or djupe himlar slær ein båregong  
av evig skapingsgir og sfæresong  
som helsar frendeblidt mot døkke strender.

Ingen kan unngå å leggja merke til at naturen lever i dette diktet. Stilistisk er be-sjeling og peronifisering dei sentrale elementa. Skumringa som kjem, skuggane som nærmar seg meir og meir, dagen som blir til natt, mørket som fell på, alt er framstilt som eit menneskeleg kjærleiksdrama. Det sentrale i diktet er under-streking av ein grunnleggjande kontakt mellom det nære og fjerne, mellom mik-rokosmos og makrokosmos. Jord og himmel helsar kvarandre i ein djup sam-klang som er noko meir enn sympati. Den Eros som gjennomstrøymmer som-markveldslandskapen og manifesterer seg i skuggar og skoddedottar, er i pakt med *Den Store Eros*, den evige skapingslyst og skapingsbegjær som finst i heile universet, dei «djupe himlar». Mennesket er ikkje omtala i diktet, det er dei ulike sjikt i naturen som er framstilt i denne djupe samklang. Men dei personifise-rande bileta gjer denne kjærleiken til noko djupt menneskeleg. Endå om det

<sup>4</sup> NYGARD (1923: 13).

ikkje er nokon omtale av diktarrolla i diktet, og her ikkje finst noka evaluering av diktaren og hans funksjon, må ein trygt kunne kalla dette diktet ekte romantisk, gjennom den oppleving det formidlar av samanheng i alt og harmoni mellom det fjerne og det nære. Dette momentet er meir problematisk i det andre diktet eg har valt å omtala: «Kveld i november» av Olav H. Hauge, som lyder slik:<sup>5</sup>

Han sperrar loftet. Notti kjem med frost.  
 Eg fer med augo yver hagen, veit  
 det heng att eple i ein topp. Eg leit  
 på mildver enno, veden skal i kost,  
 og kålen takast upp og kulast, tre  
 skal plantast, og det burde vorte tid  
 til nybrot òg. No ser eg hausten lid  
 og marki frys og snøen kastar ned  
 midtlides, og eg veit eg rekk ikkje mitt.  
 Den epleslumpen fær eg berga, kor  
 som er, so er i minsto ei sut kvitt.  
 I vest er månesigden ute, stor  
 og haustkvass, gjerug med å berga sitt,  
 ei saknads solbunde åt ei myrk jord.

I dette diktet er det ikkje utan vidare harmoni mellom mennesket og naturmak-  
 tene. Tvertimot opplever det talande subjektet i første omgang på ein måte at  
 naturen er nådelaus og udeltakande i forhold til mennesket. Den talande har sett  
 seg visse mål. Desse måla kan han ikkje få realisert, fordi naturens gang strir mot  
 hans intensjonar, og han må resignera – og akseptera det uunngåelege. Men net-  
 topp i aksepten og i det å bøya seg for naturens vilkår og lover, viser det seg å  
 vera eit grunnlag for harmoni likevel. Det er ein harmoni både *i* naturen og  
*mellom* menneske og natur, i og med at makrokosmos liksom repeterer dei  
 aktivitetane som det talande subjekt sjølv er oppteken av.

Er dette romantikk? Eg meiner det er tydelege romantiske islett i diktet,  
 fordi det endar med å etablera og visa fram ein korrespondanse mellom mennes-  
 ket og det kosmiske, på trass av at det lyriske subjektet i utgangspunktet opplev-  
 er ein mangel i tilværet og ser at det er ein avstand mellom menneske og natur.

Den fremste romantikaren i moderne norsk lyrikk er Stein Mehren. Inn-  
 leiingsdiktet til ei av hans siste diktsamlingar heiter «Gallionsfiguren».<sup>6</sup> Her  
 samanliknar han diktet med ein gallionsfigur, festa til stammen på ei skute.  
 Gjennom dette biletet uttrykkjer han noko om den opphøgde status diktinga har,  
 som erkjenningsveg for det som ikkje kan erkjennast på nokon annan måte:

Fra himmelrom til himmelrom  
 Fra meg til deg, fra deg til meg  
 er diktet, en gallionsfigur, naglet fast  
 i språkets stevn, der det seiler  
 som en erindringens ark over dybdene . . . .

<sup>5</sup> HAUGE (1961: 56).

<sup>6</sup> MEHREN (1983: 7 ff.).

Som all menneskeskapt skjønnhet, dikt og  
gallionsfigurer, døde, maktesløse ting er de  
Men ut av dem slår lengslenes ene bilde  
og vekker sovende bilder i oss, bilder  
som selv våre døde lengsler kan gjenoppstå i  
[. . .]

I denne livsoppfatninga finst det hemmelege samanhengar, som kan erkjennast ved hjelp av diktaren, som kan vekkje dei sovande bileta. Ein annan stad, i ei anna diktsamling, seier Mehren det slik: «Kunstneren må så å si tilføre naturen de dimensjoner den har.» Og ein kan hevda det er dette «kunststykket» Mehren utfører i sine naturdikt. Mellom dei har eg valt ut «Kveld i mars»<sup>7</sup> som i tittelen er ein pendant til Hauges «Kveld i november»:

#### Kveld i mars

Kvelder i mars, da trær står alene og rører ved lyset  
Som i et sug av tusen kvelder før meg og etter meg  
kjenner jeg hvordan en eneste blå kveld kan bære alle  
jordens kvelder i sitt bleke lys . . . en kveld i mars.

Vårnatten i en naken krone, drømmer den sommeren? Er  
det en dunkel erindring om løv-rom, som puster ut i dette  
skinnende omriss av frost. Kjenn, i mørke bestandige  
dyp, noe som åpner seg i oss rører ved lyset . . .

Et nakent tre som rører himmelen . . . En kveld i mars  
Slik er det tiden åpner seg i oss og rører det tidløse  
Kjenn, hvordan vi griper mot alt som er grenseløst og  
nytt, innefra det som er død, sorg og erindring i oss

Eit dikt som dette understrekar at det er ein samanheng i alt, mellom subjekt og objekt, og mellom dei ulike fenomen i naturen. Samstundes gjer diktet *erindringa* til eit organ som skaper einskap. Erindringa kan binda saman *før* og *no* og *framtid* på ein merkeleg måte. Eit dikt som dette kan ikkje skrivast utan ein grunnkonsepsjon om ein harmoni, som nok kan verka fråverande, men likevel er noko reelt i tilværet.

Det den overvintra romantiske dikting viser oss, er ikkje at denne einskapen og denne harmonien faktisk finst, men at førestellinga om ein slik einskap er noko fundamentalt vitalt også for moderne menneske, som sakte har lært om fråværet, mangelen, og ikkje berre lært om, men også kjent, nært, levande i seg. Likevel trengjer, også i modernismens tidsalder, den andre sida seg fram. I post-modernismen kan det kanskje etter kvart bli særleg bruk for slike førestillingar om einskap, som motbilete til alle påstandar om at ingen samanheng finst.

<sup>7</sup> MEHREN (1983: 89).